



KOPI

Hordaland fylkeskommune  
Vibeke Lokøy

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/199 - 16/9472

Saksbehandlar:  
Jostein Klette  
jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:  
18.05.2016

## Løyve til akvakultur - Ber om vurdering av føremål i kommuneplanen sin arealdel

Vi ber med dette om fylkesmannen si vurdering av om kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 – Osterøy kommune (vedlegg 1 og 2) – opnar for akvakultur i føremålet «*Bruk og vern av sjø og vassdrag*».

Hordaland fylkeskommune sendte sak om skifte av oppdrettsanlegg på lokalitet Angelskår til uttale til kommunen i brev dagsett 10.06.2015, for handsaming etter akvakulturlova (vedlegg 3).

Osterøy kommune viste i sin uttale, dagsett 01.10.2015 (vedlegg 4), til at område for merdar låg i areal avsett til føremål «*Akvakultur*» medan store delar av område for oppankring ville ligge i areal avsett til føremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag*». Kommunen viste til at:

*«Osterøy kommune har slik tolkning av plan og bygningslova i sjø:*

*Tiltak på sjøbotn er omfatta av PBL og krev difor godkjend løyve etter denne, jf PBL § 1-2. Oppankring av akvakultur må difor vera i henhold til plan eller det må søkast dispensasjon frå vedtekne planer dersom det ikkje er i samsvar med desse.*

*Kommunen legg denne tolkinga til grunn i saka. Tiltaket er ikkje søkt dispensasjon for i høve til gjeldande arealbruk og vil vere i strid med plan og bygninglova.»*

I samband med dette ba Hordaland fylkeskommune om møte 14.01.2016 for å diskutera saka. Fylkeskommunen viste til at det i hovudføremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag*» vart opna for alle underføremål, og med dette akvakultur, dersom dette ikkje er konkret gjort unntak i føresegnene. Kommunen viste i brev dagsett 21.01.2016 (vedlegg 5) til at sjølv om det ikkje er gjort unntak i føresegnene i kommuneplanen sin arealdel er det fleire vilkår som må vera oppfylt før det vert opna for alle underføremål.

Kommunen sin konklusjon som myndighet for plan- og bygningslova var at:

*«Dersom det skal opnast for tiltak utanfor område avsett til føremål akvakultur må dette vurderast i ein planprosess eller det må søkast om dispensasjon.»*

Hordaland fylkeskommune gav i brev dagsett 08.02.2016 løyve til omsøkte tiltak (vedlegg 6). Tilhøve til plan- og bygningslova er vurdert og syner til at:

«Vurdering i høve til bokstav d):

*Arealet der anlegget ligg er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan. Fortøyingane til anlegget vert liggande i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. I føresegnene til planen er ikkje fortøyingar til oppdrettsanlegg ekskludert frå føremålet. Selskapet har i dag løyve til å ha anlegg med tilhøyrande fortøyingar liggande på lokaliteten, og søknaden gjeld utskifting av det godkjende anlegget til eit som er meir moderne.»*

Kommunen kan ikkje sjå at vår vurdering som myndighet etter plan- og bygningslova er vurdert eller vektlagt. Vi ber difor om at fylkesmannen vurderar om omsøkte tiltak er i tråd med gjeldande kommuneplan og arealføremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag*».

Med helsing

Laura Ve  
seksjonsleiar Plan

Jostein Klette  
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Vedlegg:**

KOMMUNEPLAN

Kommuneplanen+sin+arealdel+--Føresegn+vedteke

VEDLEGG 3 Lerøy Vest AS - Søknå (L)(80218)

VEDLEGG 4 Lerøy Vest AS - Søknad om å skifte ut anlegg på lokalitet 13563 Angelskår i (L)(108280)

VEDLEGG 5 Vurdering av område for akvakultur i kommuneplankartet - Osterøy kommune (L)(120714)

VEDLEGG 6 Sjøtroll Havbruk AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk a (L)(122369)

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune

**Mottakar:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

KOPPI